



Seim Bygg AS  
Nesbrekka 28  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/4427 - 21/9078

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
10.02.2021

## Søknaden om ferdigattest vert avvist - gbnr 172/208 Hopland

<b>Administrativt vedtak:</b>	<b>Saknr: 193/21</b>
<b>Tiltakshavar:</b>	Fredrik Skare Seim
<b>Ansvarleg søkjar:</b>	Seim Bygg AS
<b>Søknadstype:</b>	Søknad om ferdigattest (pbl) §§ 21-10

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 jf. byggesaksforskrifta § 8-1 vert søknad om ferdigattest for vertikaldelt tomannsbustad på gbnr 172/208 avvist.**

**Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.**

### Tiltak

Seim Bygg AS har søkt om ferdigattest for vertikaldelt tomannsbustad på gbnr 172/208 05.02.2021.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Nilshøyen planid: 1263-201101 er definert som frittliggande småhusbustad.

### VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at ha ikkje er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

- Det ligg ikkje føre godkjend ferdigmelding på tilknytning til kommunalt VA-anlegg, jf. arkivsak 20/4211.

- Det ligg ikkje føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest for teknisk infrastruktur innanfor planområdet, jf. arkivsak 18/1688.
- Det er ikkje dokumentert at rekkefølgekrav knytt til ferdigstilling av leikeplass f\_LEK1 er oppfylt.
- Det ligg ikkje føre sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming, jf. pgl § 21-10 og SAK10 § 8.1.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Fredrik Skare Seim	Vatne 12	5912	SEIM
Seim Bygg AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM

### Mottakarar:

Seim Bygg AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM
--------------	--------------	------	------